

**Saksframlegg**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	70/25	02.10.2025

Nissedal - Nye Vegadresser i Nissedal 2025**Fakta i saka:**

I 2015 gjekk Nissedal kommune over frå å bruke matrikkeladresser til vegadresser for alle bygningar i kommunen. Formannskapet valde (sak 006/14) eit vegadresseutval til å kome med forslag til adresseparsellar og tilhøyrande vegnamn. Utvalet tilrådte for dei fleste hyttefelt områdeadressering, ikkje vegparselladressering. For tettbygde område som hyttefelt også normalt er, blei det i tillegg kantnummerering. Kommunestyret slutta seg i all hovudsak til dei prinsippa og dei område- og vegparsell-namna utvalet hadde tilrådd. Dei tildelte adressene blei deretter skilta.

Etter 2015 har kommunen godkjent utbygging i fleire nye hyttefelt. Bygg i desse områda har førebels bare blitt registrert med matrikkeladresse. Adresseringa bør derfor nå vidareførast også for desse felte, og etter same prinsipp som tidlegare er lagt til grunn ved område- og vegparselladresseringar.

Forslag til nye adresser vil bli sendt på open høyring annonsert i VTB og på kommunens heimeside og til grunneigarane, hytteeigarane v/velforeningar, Nissedal historielag og Nissedal mållag.

Ein av høyringspartane vil også vere Språkrådet v/Stadnamntenesta. Stadnamntenesta kan be Kartverket reise formell namnesak for enkeltforslag. Det vil vere aktuelt der føreslege namn ikkje er registrerte som godkjente i Sentralt stadnamnregister (SSR). Namnet kan då ikkje takast i bruk før resultatet av namnesaka er avgjort.

Etter høyringa vil forslaget kome til endeleg behandling og godkjenning i kommunestyret.

Vurdering:


Ut frå at adresse-suppleringa trass alt er av avgrensa omfang, og fordi det blir lagt til grunn dei same prinsippa nå som ved innføringa i 2015, finn ikkje kommunedirektøren det nødvendig å setje ned nytt-, eller reaktivere vegadresseutvalet frå 2014. Det blir i staden lagt fram ei tilråding frå administrasjonen på dei manglande adressene. Tilrådinga blir her lagt fram for formannskapet før forslaget blir sendt på høyring.

Vegadresseutvalet var i stor grad tru mot dei meir overordna føringane for adressering. Det gjaldt både lengda på (lange nok) adresseparsellar, namneval (lett forståeleg og skrivbart, og med ei historisk tilknytning til vegen/området) og skrivemåte (etter norsk rettskriving, men så nært den nedervde uttalen på staden som råd).

Eit tema det var delte meiningar om, var valet av områdeadressering der det også kunne vore vald vegparselladressering. Konklusjonen blei at det i dei aller fleste hyttefelta blei vald områdeadressering. Kommunedirektøren meiner derfor at det er naturleg å halde på dette valet også for dei nye felta.


Dei aktuelle områdenamna er:

- Raudnes
- Damkollen



Figur 1: Treungvegen sin utstrekning

Treungvegen er ca 14 km, fra sør til nord. I adressering er det å beregne at for hver tiende meter er det et nytt husnummer. Derfor uten sideveger vil det bety at man vil komme opp i et husnummer i 1400-tallet, hvis man tar med sideveger vil tallet bli langt høyere.




Figur 2: Veg Raudnes

Etter reguleringsplanen Raudnes ble vedtatt i 2022, har regulert vei blitt etablert. Denne vegen har ikke fått noe navn og trenger det.

Forslag til navn kan være:

- Raudnes
- Raudnesvegen
- Raudnes hyttegrend




Figur 3: Damkollen

Det har nå blitt selt fleire tomter på Damkollen bustadfelt. Disse tomtene har innkjørsel via de gule felte i figur 3. Siden disse veiene er relativt nye, har de ikke fått noe vegnavn/adresse. Av den grunn for å se helhetlig på adressering, samt og få vekk noen sideveger på Treungvegen foreslås det at alt det grønne også for det samme nye navnet.

Forslag til navn kan være:

- Damkollen
- Damkollvegen
- Nisserdamvegen



Figur 4: Snarveg mellom Rv41 og Fv358

Denne vegen mellom Rv41 og Fv358 begynte som en snarveg for å komme seg raskt til kyrkja. Da toglinja mellom Åmli og Treungen fortsatt var i bruk ville innbyggere i Nissedal stoppe, i nærheten av innkjørselen mot Rv41 og gå denne ruten for å komme seg til Treungen kyrkje raskere. Snarvegen mellom Rv41 og Fv358 er på ca. 1,2 km.

Forslag til navn kan være:

- Kyrkjevegen

Kommunedirektørens tilråding:

Nissedal formannskap sender forslag på fylgjande nye namn for områdeadressering på høyring:

- Raudnes
- Damkollen
- Kyrkjevegen

Saksprotokoll i Formannskapet - 02.10.2025

Behandling:

Endringsframlegg frå KrF: Haukerhylvegen i staden for Kyrkjevegen.

Votering:

Samrøystes for kommunedirektøren si tilråding om Raudnes og Damkollen. Fire røyster (Parry-Jones, Enger, Haugen og Setane) for KrF sitt endringsframlegg. Ei røyst (Nygård) for kommunedirektøren si tilråding om Kyrkjevegen

Vedtak

Nissedal formannskap sender forslag på fylgjande nye namn for områdeadressering på høyring:

- Raudnes
- Damkollen
- Haukerhylvegen